



Nynorsk kultursentrum

# Peter Hognestad 150 år

Jubileumsplan sist oppdatert OG 29.1.2016

## Innkalling til fellesmøte på Bryne 9. februar 2016

Garborgsenteret kl. 12.00–15.00

Det blir servert lunsj 12.00–12.30

### Framlegg til sakliste

- 1 Gjennomgang av jubileumskalender
- 2 Avslutningshelga på Bryne 12.–13. november
- 3 Tiltak vi manglar: språkpolitikk, arrangement i Oslo og Bergen osb.
- 4 Kommunikasjon: pressemeldingar, aviskronikkar, digitale medium m.m.
- 5 Samordning av eventuelle søknader om støtte
- 6 Framlegg til seinare fellesmøte: Bryne 23. mai og Bryne 11. november

## Arbeidsmøte

- |           |  |
|-----------|--|
| 6.11.2015 | Første fellesmøte på Time rådhus, Bryne                    |
| 29.1.2016 | Telefonmøte i arbeidsgruppa                                |
| 9.2.2016  | Andre fellesmøte på Garborgsenteret, Bryne kl. 12.00–15.00 |

## 1 Strategi og organisering

### Bakgrunn

Per Halse skriv biografi om Peter Hognestad for Det Norske Samlaget. Grunnlaget for ei jubileumsmarkering blei lagt av Per Halse og Ottar Grepstad i eit møte i Volda 18.8. Nynorsk kultursentrum tok der på seg å samordne jubileet. Ein første invitasjon til eit arbeidsmøte om prosjektet gjekk ut 22.9., og det første fellesmøtet blei halde på Bryne 6.11.2015 med 15 deltakarar.

### Mål

1. Dokumentere og formidle Peter Hognestads verk og samfunnsrolle gjennom samarbeid med mange institusjonar og bruk av arenaer som alt finst
2. Drøfte kyrkja si rolle i utviklinga av Noreg som eit fleirspråkleg samfunn i eit internasjonalt perspektiv

3. Fremje bruken av nynorsk i kyrkje og lekmannsrørsle ved å etablere eit digitalt nettverk for nynorskbrukande prestar og forkynnarar som også blir brukt til å spreie gode brukstekstar

### **Arbeidsgruppe**

Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum (leiar)

Per Halse, Høgskulen i Volda, forfattar

Johan Myking, Universitetet i Bergen

Inger Undheim, leiar Garborgsenteret

Stein Ødegård, sokneprest Bryne

### **Arenaer på venteliste**

Vi bruker dei arenaene som finst og samarbeider med institusjonar og organisasjonar om tiltak som likevel blir gjennomførte. Stadene nedanfor er førebels ikkje involverte.

Stiklestad historiske senter, Verdal

Olavsfestdagene, Trondheim: tema Mammon

Menighetsfakultetet, Oslo

Bergen domkirke, Bergen

Bygland kyrkje, Bygland

Nidarosdomen, Trondheim

Slottskapellet, Oslo

### **Kommunikasjon**

- Foto og stoff til Jærbladet frå samlinga 6.11.2015
- Pressemelding frå Nynorsk kultursentrum 4.2. om opningsarrangementet 9.2.
- Pressemelding frå Nynorsk kultursentrum om jubileumsprogrammet primo mars
- Pressemelding frå Nynorsk kultursentrum 3.11. om avslutningshelga

### **Invitasjonar**

- Nynorsk kultursentrum sender 2.2. ut enkel invitasjon til opningsarrangementet på Bryne 9.2.
- Det går ut eigen invitasjon primo oktober til avslutningshelga på Bryne 12.–13. november

### **Finansiering**

Kvar aktør finansierer egne tiltak. Det er ønskeleg og nødvendig å samordne søknader til slike som Norsk kulturråd og Fritt Ord. Aktuelle:

- Sparebankstiftinga Time og Hå (Jæren Sparebank)
- Jørstad-fondet (har gitt midlar til biografien)
- Fritt Ord (har gitt midlar til biografien)

### **Avklaringar**

- Sluttrapport frå Elias Blix-jubileet 2011 gir ikkje noko spesielt til bruk for dette jubileet
- NRK har ikkje noko relevant arkivmateriale

### **Saker til avklaring**

- Har Nasjonalbiblioteket anna arkivmateriale enn handsakrifter som er relevant?

## 2 Jubileumskalender

**Tysdag 9.2. kl. 19.00**

**Bryne kyrkje**

Hognestad-arrangement

- Foredrag av Per Halse og Øyvind Nordsletten
- Koret Jærklang syng songar av Hognestad

Arrangørar: Time historielag og Time sokneråd

**Søndag 21. februar**

**Aasen-tunet, Ørsta**

Den internasjonale morsmålsdagen

**Aasentunet.no**

Kyrkje, religion og skriftspråk

**Måndag 21. mars**

**Aasentunet.no**

Eit nytt språk på altaret

Ei forteljing om Peter Hognestad og liturgi på nynorsk

**Søndag 3. april**

**Vinje kyrkje eller Nesland kyrkje, Vinje**

Gudsteneste?

Arrangør: Vinje sokneråd

**Søndag 1. mai**

**Bergen?**

100 år sidan Peter Hognestad tok til som biskop i Bjørgvin

Arrangør:

**Laurdag 28. mai**

**Oslo**

**Bibelselskapet 200 år blir feira 26.–29.5.**

Foredragsrekkje

- Anders Aschim og/eller Per Halse?

**Søndag 29. mai**

**Bryne torg**

**Økumenisk gudsteneste under Jærdagen**

Kollekt til Bibelselskapet og kort informasjon om Peter Hognestad

**Søndag 26.juni**

**Uteamfiet, Ørsta Aasen-tunet**

Festspelgudsteneste i det fri

Arrangør: Dei nynorske festspela

**29. juli**

**Olsok på Hognestad**

Pilegrims- og kulturvandring Hognestad rundt med Peter Hognestad i prosa og song

Kort olsokmesse i Hognestad-tunet

Arrangør:

**Torsdag 1. september**

**Solheim kapell og kyrkjegard, Bergen**

Blomar ved bauta

Arrangør:

**Søndag 9. september**

**Ulvik poesifestival, Ulvik**

«Kunsten å gjendikte – einsamtale om dikt og salmar»

Solveig Slettahjell: «Arven» – salmeskattar av Peter Hognestad og andre

Arrangør: Ulvik poesifestival

**Haust**

**Litteraturhuset i Bergen**

Arrangement

Arrangør: I samarbeid med Bergen Mållag og Vestmannalaget

**Haust**

**Ulvik kyrkje**

Gudsteneste med Hognestad-tekstar

**Oktober–november**

Dagleg artikkelrekkje om emne med tilknytning til Hognestad-jubileet

**Tysdag 1. november**

**Oslo?**

Det Norske Samlaget lanserer biografi av Per Halse om Peter Hognestad

**Laurdag 12. november og søndag 13. november**

**Bryne**

**Avslutningshelg**

Mottaking i regi av Time kommune?

12.11. kl. 14.00– Arrangement på Garborgsenteret

13.11. Festgudsteneste Time kyrkje, ønskjeleg at biskopen kan vere med der

**November**

Per Halse på bokturné

**Tysdag 15. november**

**Vinjesenteret.no**

Då Nesland kyrkjelyd var for tidleg ute

Kyrkjelyden tok i bruk «Nynorsk Salmebok» ein månad før boka var godkjend til kyrkjebruk

### **3 Artiklar, bøker, digitale tekstar**

#### **Det Norske Samlaget**

Lanserer biografi av Per Halse om Peter Hognestad 1. november

#### **Allkunne.no**

Publiserer i ein periode hausten 2016 daglege artiklar om Peter Hognestad, andre nynorskbrukarar i kyrkje og kristenliv, Bibelen, kyrkje- og bibelspråk

#### **Aasentunet.no**

Publiserer utvalde artiklar om emne med tilknytning til Hognestad-jubileet

#### **Vinjesenteret.no**

Publiserer utvalde artiklar med tilknytning til Hognestad-jubileet

#### **Stille Stunder**

Per Halse skriv fast spalte om Peter Hognestad i kvart nummer i 2016

#### **Aviskronikkar**

Prioriterte aviser for kronikkar og andre artiklar:

- Aftenposten
- Bergens Tidende
- Jærbladet
- Stavanger Aftenblad
- Vårt Land

Sentrale datoar er førte opp i punkt 5 nedanfor. Prioriterte tidspunkt for aktualisering:

1. mai – 100 år sidan Hognestad tok til som biskop

10. juli – Hognestad bruker den nye Bibelen på nynorsk i Nidarosdomen i 1921

1. september – dødsdagen

15. september – den første offisielle gudstenesta på nynorsk med Hognestads liturgi i 1907

12. november – fødd for 150 år sidan

### **4 Idear i arbeid**

Med få unntak har ingen forplikta seg til noko av det som er oppført nedanfor eller i arrangementskalenderen.

#### **Emne til bearbeiding**

- Dei tidlege nynorske prestane og lekmannsforkynnarane
- Arne Garborg 1851 og Peter Hognestad 1866: eit dobbelportrett
- Nynorsk og bokmål som kyrkjespråk i det 21. hundreåret
- Det musikalske var viktig for Peter Hognestad – korleis fangar vi opp det best?
- Språkvitskaplege perspektiv på Peter Hognestads arbeid og på bibelspråkets rolle

- Hognestad var svært oppteken av olsokfeiringa

### **Arrangement, foredrag m.m.**

Hausten er truleg den beste tida for mange samarbeidspartar

- Slektsstemne i regi av familien
- Der må vere arrangement i Bjørgvin bispedøme
- Arve Brunvoll på Ulvik poesifestival: Gjendikting av salmar
- Anders Aschim og andre: Vegen til skriftspråk via Bibelen
- A.O. Vinjes 198. fødedag i Vinje (6.4., men blir markert 2.4.):  
Per Halse: Nynorsksalmar frå A.O. Vinje til P. Hognestad  
Jan Inge Sørbø og Sondre Bratland: Kva gjer salmar til god dikting?
- Den kulturelle skulesekken: «Songskatten» er tema 2015/16 for 4. steg med vekt på fuglar
- Gjesdal mållag: olsokfest med feiring av Peter Hognestad
- Invitere internasjonal kapasitet på kyrkjespråk i tillegg til dei sentrale norske namna
- Kyrkjespråk i Norden (Fritt Ord er oppteken av nordisk samarbeid ...)

### **Arrangement i regi av kyrkja**

- Nynorskmesse i fleire kyrkjer med iallfall delar av Hognestads liturgi
- Bruke ulike utgåver av den nynorske liturgien i ei og same gudsteneste

### **Dokumentasjon**

- Bibliografi over publiserte skrifter av Peter Hognestad

### **Publisering**

Tekstar av Peter Hognestad kan publiserast fritt utan løyve frå nokon

- Biografisk artikkel av Øyvind Nordsetten i Time historielag: Årsskrift 2015
- Det Norske Samlaget lanserer biografien av Per Halse 1. november
- Gi ut preiker av Hognestad i modernisert form
- Gi ut utvalde tekstar, i digital form eller i trykt utgåve
- Tekstane hans i Norsk Barneblad
- Stoff frå Anton Aures og Peder Hovdens arkiv på Aasentunet.no
- Stoff i Jærmuseets årbok
- Samarbeid med Jærbladet

### **Nye tekstar**

- Urframføring av nyskriven salme i fleire kyrkjer søndag 13.11.2016

### **Turar**

- Presten som trassa motvind: sykkeltur på Jæren i Hognestads landskap, i regi av Time kommune
- I med- og motvind: pilegrimsvandring
- Omvisingar i Time og på Hognestad

## 5 Minnestader og minnedagar

### Eit bibelspråk blir til

Frå krøniken «Eit språk blir til» ligg det føre eit utdrag kalla «Eit bibelspråk blir til». Dokumentet følger som vedlegg.

### Nøkkeldatoar for Peter Hognestad i 2016

- Laurdag 12.11.: 150 år sidan han blei fødd
- Torsdag 1.9.: 85 år sidan han døydde
- 100 år sidan han blei biskop i Bjørgvin: utnemnd 3.3., vigsla 16.4. (palmesøndag) og tok til i embetet 1.5.1916

### Peter Hognestads livskalender

- Hognestad, Time 12.11.1866: Peter Hognestad blir fødd og veks opp i eit hus bygt 1832
- Time kyrkje 2.12.1866: døypt 1. søndag i advent
- Konfirmert i Petri-kyrkja i Stavanger 9.10.1881: Konfirmantundervisning ved Lars Oftedal
- Kongsgård skole, Stavanger 1882–1886: studenteksamen 1886
- Det Kongelige Frederiks Universitet, Kristiania 1886–1892: teologisk embetseksamen til jul 1891, praktisk-teologisk eksamen sommaren 1892
- Stavanger Ynglingeforening, Stavanger 1895–1896: sekretær
- Notodden private lærarskule 1896–1903: lærar og styrar 1902/1903
- Kirkedepartementet, Oslo 21.4.1900: får Peter Hognestads omsetjing til nynorsk av *Tekstbok og altarbok for Den norske Kyrkja*. Det er forleggjaren Olaf Huseby som året før har oppmoda han om å gjere dette
- Johanneskirken, Oslo 31.3.1901: Hognestad held den første høgmessepreika på nynorsk i hovudstaden denne palmesøndagen
- Oslo 31.3.1903: Peter Hognestad blir utnemnd til stiftskapellan i Kristiania. Sjølv om Kyrkjedepartementet til tider strittar imot, held Hognestad alle preikene på landsmål. Den første preika i embetet held han i Garnisonskyrkja 18.10.
- Norsk Barneblad 4.12.1904: «Kveldsong» (Fager kveldsol smiler), omsett frå tysk av Peter Hognestad
- Bygland 1906: fire kyrkjesokn tek i bruk den nynorske liturgien, året før den er godkjend til bruk
- Slottskapellet 15.9.1907: den første gudstenesta på nynorsk, med kong Haakon 7 til stades
- Oslo 28.10.1907: statsråd Abraham Berge godkjenner ved kongeleg resolusjon Hognestads *Tekstbok og altarbok for Den norske Kyrkja*
- Norsk Barneblad 1908–1916: ein av tre redaktørar
- Slottskapellet, Oslo 29.3.1908: altarboka blir brukt for første gong
- Menighetsfakultetet, Oslo 1908–1916: underviser i gamaltestamentlege emne
- Studentmållaget i Oslo 1916: Det Norske Bibelselskap ønskjer ikkje å stå for ei nynorskutgåve av heile *Bibelen*, og Studentmållaget i Oslo set ned ei bibelnemnd for å gjere arbeidet sjølv. Peter Hognestad er hovudredaktør, Gustav Indrebø er ansvarleg for språkføringa, og Alexander Seippel omset to tredelar av verket
- Bergen 1.5.1916–1931: biskop i Bjørgvin

- Det Norske Samlaget, Oslo 10.2.1921: Peter Hognestad, Anders Hovden og Bernt A. Støylen skriv avtale med Det Norske Samlaget om å lage *Nynorsk Salmebok*
- Nidarosdomen, Trondheim 10.7.1921: biskop Peter Hognestad bruker den nye *Bibelen* på nynorsk ved festgudsteneste for 25-årsjubileet til Noregs Ungdomslag
- 3.2.1925: Hognestad, Hovden og Støylen har ferdig utkast til *Nynorsk Salmebok* med 711 salmar. Boka er ferdig trykt i juni
- Nesland kyrkje i Vinje 15.11.1925: kyrkjelyden tek i bruk *Nynorsk Salmebok* ein måned før slik bruk er godkjend
- Kirkedepartementet, Oslo 18.12.1925: statsråd Ivar Tveiten godkjenner *Nynorsk Salmebok* til bruk i kyrkjene
- Stiklestad 1930: Hognestad held preike ved Olavs-jubileet
- Bergen 1.9.1931: Peter Hognestad døy
- Solheim kapell og kyrkjegard, Bergen 20.8.1933: minnestein vert avduka med rundt 2000 til stades denne søndagen

## 6 Kjelder i utval

Ottar Grepstad: «Eit bibelspråk blir til». Utdrag frå «Eit språk blir til», publisert dagleg på *Allkunne.no*

Per Halse: «Peter Hognestad», *allkunne.no*

–: «Kristendom på norsk. Peter Hognestad (1866–1931)», i Per Halse ofl. (red.): *Guds folk og folkets Gud*, Trondheim 2011

Vidar L. Haanes: «Hognestad, Peter Hanson», *Norsk biografisk leksikon*, Oslo

Hermund Kleppa: «Minnestein over biskop Peter Hognestad», *www.sffarkiv.no*

Øyvind Nordsletten: «Peter Hognestad – bondesonen frå Jæren som vart biskop i Bjørgvin», Time historielag: *Årbok 2015*, Bryne 2015, s. 85–91





Deltakarane på det første møtet i jubileumsgruppa vitjar Hognestad 6.11.2015.



Per Halse på Hognestad 6.11.2015. Begge foto Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum

# Vedlegg

## Møte 6.11.2015

### Deltakarar

Stavanger bispedøme, Stavanger: *kulturrådgivar Ragnhild Halle*

Time sokneråd: *Amund Undheim, sokneprest Stein Ødegård*

Time kommune: *Ingve Lende,*

Bibelselskapet, Oslo: *generalsekretær Ingeborg Mongstad-Kvammen*

Nynorsk kultursentrum: *direktør Ottar Grepstad*

Garborgsenteret, Bryne: *avdelingsleiar Inger Undheim*

Rogaland Mållag: *leiar Magne Viggo Høyland*

Time historielag: *Tarald Oma*

Høgskulen i Volda: *førsteamanuensis Per Halse*

Universitetet i Bergen: *instituttleiar Johan Myking*

Frå familien:

Reidar Hognestad og Ådne Hognestad (på delar av møtet)

Herborg Kverneland

Bolette Hognestad Ree

### Program

11.00 Velkomst

Presentasjonsrunde, bakgrunn for initiativet, programmet for dagen

11.30 Lunsj

12.00 Transport til Hognestad

12.15 Orientering på/om fødestaden

12.45 Transport frå Hognestad

13.00 Dette er tenkt til no – og kva meir kan vi få til?

Mål for Hognestad-markeringa 2016

Presentasjon av planar og idear

Idédugnad om andre idear, fleire samarbeidspartar

14.00 Pause med kaffi, te, kaloriar

14.15 Kven gjer kva?

Samordning, prioritering, neste møte, oppsummering

15.00 Takk for i dag

# Vedlegg

## Kontaktinformasjon

Sist oppdatert 29.1.2016

Nynorsk kultursentrum: Ottar Grepstad [ottar.grepstad@asentunet.no](mailto:ottar.grepstad@asentunet.no)

Biograf Per Halse [pha@hivolda.no](mailto:pha@hivolda.no)

### Kyrkje

Bjergvin bispedøme, Bergen [Bjorgvin.biskop@kirken.no](mailto:Bjorgvin.biskop@kirken.no) [Bjorgvin.bdr@kirken.no](mailto:Bjorgvin.bdr@kirken.no)

Stavanger bispedøme, Stavanger [Stavanger.biskop@kirken.no](mailto:Stavanger.biskop@kirken.no) [Stavanger.bdr@kirken.no](mailto:Stavanger.bdr@kirken.no)  
[rh744@kirken.no](mailto:rh744@kirken.no)

Time sokneråd [amund.undheim@gmail.com](mailto:amund.undheim@gmail.com) [gunnar.froyland@time-kyrkja.no](mailto:gunnar.froyland@time-kyrkja.no)

Sokneprest Stein Ødegaard [stein.odegaard@time-kyrkja.no](mailto:stein.odegaard@time-kyrkja.no)

Studentmenigheten, Oslo [studentprest@uio.no](mailto:studentprest@uio.no)

### Kommunar og fylkeskommunar

Rogaland fylkeskommune [firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

Hordaland fylkeskommune [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Time kommune [post@time.kommune.no](mailto:post@time.kommune.no); Ase.Skrudland@time.kommune.no:

[ingve.lende@time.kommune.no](mailto:ingve.lende@time.kommune.no)

### Forlag

Det Norske Samlaget [e.austigard@samlaget.no](mailto:e.austigard@samlaget.no)

### Kulturinstitusjonar m.m.

Bibelselskapet, Oslo [post@bibel.no](mailto:post@bibel.no); [imk@bibel.no](mailto:imk@bibel.no)

Dei nynorske festspela [admin@asentunet.no](mailto:admin@asentunet.no)

Garborgsenteret, Bryne [garborg@jaermuseet.no](mailto:garborg@jaermuseet.no); [inger.undheim@jaermuseet.no](mailto:inger.undheim@jaermuseet.no)

Ivar Aasen-tunet [admin@asentunet.no](mailto:admin@asentunet.no)

Olav H. Hauge-senteret, Ulvik [admin@haugesenteret.no](mailto:admin@haugesenteret.no)

Ulvik poesifestival, Ulvik [admin@haugesenteret.no](mailto:admin@haugesenteret.no)

### Organisasjonar

Bergen mållag, Bergen [Nils.Mehle@hib.no](mailto:Nils.Mehle@hib.no)

Rogaland Mållag [magne.viggo.hoyland@lyse.net](mailto:magne.viggo.hoyland@lyse.net)

Vestmannalaget, Bergen

Time historielag [Tarald.oma@gmail.com](mailto:Tarald.oma@gmail.com)

Time mållag [kmnorddal@jkn.no](mailto:kmnorddal@jkn.no)

### KFUM og KFUK

Generalsekretær Øystein Magelssen [gs@kfuk-kfum.no](mailto:gs@kfuk-kfum.no)

Styreleiar Helge Taranrød [helge@dvergsdalconsulting.no](mailto:helge@dvergsdalconsulting.no)

Stavanger Ynglingeforening [post@ynglingen.no](mailto:post@ynglingen.no)

Styreleiar Olav Klungtveit [olav.klungtveit@lyse.net](mailto:olav.klungtveit@lyse.net)  
Programkoordinator Margot Tangen [margot.tangen@kfuk-kfum.no](mailto:margot.tangen@kfuk-kfum.no)

### **Akademiske institusjonar**

Høgskulen i Volda, Volda [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no); [pha@hivolda.no](mailto:pha@hivolda.no)  
Høgskolen i Telemark, Bø i Telemark [postmottak@hit.no](mailto:postmottak@hit.no)  
Menighetsfakultetet, Oslo [kristin.norseth@mf.no](mailto:kristin.norseth@mf.no)  
Universitetet i Bergen, Bergen [post@uib.no](mailto:post@uib.no); [johan.myking@lle.uib.no](mailto:johan.myking@lle.uib.no)  
Universitetet i Stavanger, Stavanger [post@uis.no](mailto:post@uis.no)

### **Hognestad-familien**

Harald Alvestrand, Trondheim [harald@alvestrand.no](mailto:harald@alvestrand.no)  
Hans Petter Graver, Oslo [h.p.graver@jus.uio.no](mailto:h.p.graver@jus.uio.no)  
Peter Hognestad, Bambervegen 26A, 7603 Levanger  
Siren Graver Troye, Strandgt. 221, 5004 Bergen  
Sidsel Wohlen, Levanger [sidsel.wohlen@ntebb.no](mailto:sidsel.wohlen@ntebb.no)  
Marika Hognestad, Oslo [marika.hognestad@online.no](mailto:marika.hognestad@online.no)

Reidar Hognestad, Skifervegen 2, 4347 Lye  
Ådne Hognestad, Hognestad, 4346 Bryne  
Herborg Kverneland [tkvernel@online.no](mailto:tkvernel@online.no)  
Øyvind Nordsletten [oyvind@nordsletten.com](mailto:oyvind@nordsletten.com)  
Bolette Hognestad Ree [joleif.ree@lyse.net](mailto:joleif.ree@lyse.net)

Siri Hognestad, Furnes [sirihognestad@gmail.com](mailto:sirihognestad@gmail.com)  
Per Olav Hognestad, Fredrikstad [perolavhognestad@gmail.com](mailto:perolavhognestad@gmail.com)

## Vedlegg

### Peter Hognestad

**Peter Hognestad, bondeson frå Jæren som vart pioner for nynorsk kyrkjespråk. Som prest og ungdomsleiar ville han halde «norskdøm og kristendom» saman, og han vart Noregs første «målbiskop».**

Hognestad var fødd på Hognestad i Time 12. november 1866 og døydde 1. september 1931. Han vart student i 1886, og etter teologisk embetseksamen i 1891 verka han som manuduktør (rettleiar/privatlærer) i faget og eitt år som sekretær i Stavanger Ynglingeforening.

Frå 1896 til 1903 arbeidde Hognestad ved lærarskulen på Notodden, og det siste året var han også styrar for skulen. Palmesøndag 1901 heldt han den første høgmessepreika på nynorsk i Johanneskyrkja i Oslo, og i 1903 vart han tilsett som stiftskapellan med særleg ansvar for bygdeungdom i byen og for å halde gudstenester på landsmål. Frå 1908 underviste han i gamaltestamentlege emne ved Menighetsfakultetet, og frå 1916 til han døydde i 1931 var han biskop i Bjørgvin.

Hognestad omsette *Tekstbok for Den norske kyrkja* og *Altarbok for Den norske kyrkja*, var hovudredaktør for den første *Bibelen* på landsmål og laga *Nynorsk salmebok* saman med Anders Hovden og Bernt Støylen. Av hans eigne omsetjingar kan nemnast «Lei, milde ljøs» og «Fager kveldssol smiler».

Per Halse  
*Allkunne.no*